



## Fullmakter ved forvaltning av statlege tilskotsordningar på landbruksområdet 2025

29.01.2025

Statsforvaltaren i Vestland gjev med dette kommunane fullmakt til forvaltning av statlege tilskotsordningar på landbruksområdet i tråd med gjeldande regelverk. Dette brevet omhandlar:

1. Generelt om forvaltning av tilskotsordningane og ansvarsdelinga
2. Mål, rammer og føringar for kvar enkelt tilskotsordning
3. Oppfølging og kontroll

1	Generelt om forvaltning av tilskotsordningane og ansvarsdelinga .....	2
1.1	Forvaltning av statlege tilskotsmidlar .....	2
1.2	Aktørar og ansvarsdeling .....	2
2	Mål, rammer og føringar for kvar enkelt tilskotsordning .....	3
2.1	Tilskot til avløyning ved sjukdom mv. ....	3
2.2	Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket .....	4
2.3	Tilskot til tettare planting, gjødsling og ungsogpleie som klimatiltak .....	4
2.4	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) .....	4
2.5	Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket .....	5
2.6	Tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket .....	5
2.7	Tilskot til drenering av jordbruksjord .....	6
2.8	Tilskot til tiltak i beiteområde .....	6
2.9	Tilskot til Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Vestnorsk fjordlandskap .....	7
2.10	Tilskot til produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon .....	7
3	Oppfølging og kontroll .....	8
3.1	Internkontroll hos kommunen som tilskotsforvaltar .....	8
3.2	Kontroll av informasjon frå tilskotsmottakar .....	8
3.3	Krav til kontroll med vedtak og utbetaling .....	8
3.3.1	Krav til kontroll med vedtak - budsjett disponeringsmynde .....	9
3.3.2	Krav til kontroll ved utbetaling - attestasjon .....	9
3.3.3	Arbeidsdeling .....	9
3.3.4	Krav til dokumentasjon .....	10
3.4	Tildeling og kontroll med tilgangar til fagsystema .....	10
3.5	Rapportering om svakheit og brot på sikkerheit .....	10

## 1 Generelt om forvaltning av tilskotsordningane og ansvarsdelinga

### 1.1 Forvaltning av statlege tilskotsmidlar

Tilskotsordningane skal forvaltast i tråd med reglane i forskrift, jordbruksavtalen, og dei vilkåra og økonomiske rammene som Stortinget har fastsett. For alle forvaltningsorgan gjelder reglane i forvaltningslova.

Tildeling av tilskot skal forvaltast på ein effektiv måte og i tråd med regelverket for økonomistyring i staten. Regelverket har som formål å sikre effektiv forvaltning, og er sett saman av Reglement for økonomistyring og Bestemmelser om økonomistyring i staten. Kommunane er ikkje ein del av staten, men når dei forvaltar statlege midlar vil reglementet gjelde for den oppgåva dei utfører på vegne av staten. Sjølv om kommunen har ansvar for å utføre ei oppgåve, ligg instruksjonsmynde og ansvaret for gjennomføringa av budsjettvedtaket framleis hos departementet. Politisk- og administrativ leiing har difor inga instruksjonsmynde, og har som hovudregel ikkje høve til å påverke den faglege utøvinga av forvaltninga som er omtala i dette brevet. Men departementet har for nokre ordningar gitt kommunane eit handlingsrom for den faglege utøvinga. Dette går fram av regelverket for kvar enkelt ordning.

Kommunane skal bruke Landbruksdirektoratet sine elektroniske fagsystem ved tilskotsforvaltninga. Systema er nettbaserte og krev to-faktor pålogging til Landbruksdirektoratet sine digitale tenester, [sjå rettleiing](#) på Landbruksdirektoratet sine nettsider.

### 1.2 Aktørar og ansvarsdeling

Forvaltningsoppgåvene av tilskotsordningane på landbruksområdet er delt mellom Landbruksdirektoratet, Statsforvaltar og kommunane. Stortinget har delegert mynde til å fatte vedtak om tilskot til kommunane gjennom jordlova og skogbrukslova. Landbruks- og matdepartementet har fastsett forskrifter for kvar enkelt tilskotsordning der det går fram kva mynde som ligg til kommunen. Landbruks- og matdepartementet har instruksjonsmynde for korleis det delegerte mynde skal utøvast og korleis dei statlege midlane skal forvaltast. Dette gjeld også rett til å kontrollere at oppgåver og mynde vert utøvd som føreset.

Kommunane har ansvar for å

- informere og rettleie om regelverket og om søknadsprosessen
- sakshandsame søknader og fatte vedtak om tilskot
- etablere internkontroll med søknadshandsaming
- førebu eventuelle klager til Statsforvaltaren

Statsforvaltar har ansvar for å

- fordele og informere om rammer for midlane til kommunane
- rettleie kommunane om regelverk for tilskot og bruk av sakshandsamingssystemet
- gjennomføre kontroll med at kommunane utfører sine oppgåver på forsvarleg måte og i samsvar med etablert internkontroll
- vere klageinstans for vedtak fatta av kommunen

Landbruksdirektoratet har ansvar for å

- utbetale tilskot til mottakarane
- utvikle og drifte dei digitale tenestene som vert brukt ved forvaltning av tilskota

- lage kommentarar til regelverket
- lage instruks og retningslinjer for sakshandsaming
- føre rekneskap og rapportere til Landbruks- og matdepartementet
- gjennomføre evalueringar av tilskotsordningane

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for å

- følge opp Stortinget sitt vedtak og vilkår i årlege tildelingsbrev til forvaltninga
- fastsette regelverk for tilskotsordningane
- rapportere årleg til Stortinget om resultat og måloppnåing for tilskotsordningane

## 2 Mål, rammer og føringar for kvar enkelt tilskotsordning

I tråd med Stortinget sitt vedtak får kommunane i Vestland med dette rammer og retningslinjer for forvaltning av tilskotsordningar på Landbruks- og matdepartementet sitt område for 2025, jf. [Prop. 1 S \(2024-2025\)](#), og [Prop. 105 S \(2023-2024\)](#), og Stortinget si handsaming av desse.

For tilskotsordningane der Statsforvaltaren tildeler tilskotsramme til kommunen, har Statsforvaltaren også høve til å omfordele udisponerte midlar mellom kommunane i løpet av året. Statsforvaltaren ber derfor om at kommunane fattar vedtak før 10. november. Det gjev Statsforvaltaren høve til å omfordele udisponerte midlar mellom kommunar, og grunnlag for innspel til budsjettet for 2026.

Under følger informasjonen om ordningane og rammene som kommunen skal nytte ved forvaltning og som grunnlag for vedtak, jf. pkt. 3.3.

### 2.1 Tilskot til avløyising ved sjukdom mv.

#### Mål og målgruppe

Formålet med tilskotet er å medverke til å dekke kostnadene til avløyising ved eigen, eller barns, sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking, og ved dødsfall. Kommunen kan gje tilskot til føretak som er registrert i Einingsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon. I tillegg kan kommune gje tilskot til attlevande ektefelle, sambuar, forelder eller barn etter avdød jordbrukar.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar om forvaltning ordninga](#).

#### Rammer for 2025

For tilskot til avløyising ved sjukdom mv. vert det betalt ut etter fastsette satsar dersom vilkåra er oppfylt. For denne ordning vert det ikkje fordelt noko budsjетtramme til kommunane. Kommunane fattar vedtak. Landbruksdirektoratet informere om budsjетtramma i Agros og skal sjå til at budsjettet ikkje vert overskride.

#### Fagsystem og tilgangar

- Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)
- Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

## 2.2 Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

### Mål og målgruppe

Formålet med tilskotet er å bidra til eit aktivt og berekraftig jordbruk innafor dei måla Stortinget har sett. Formålet med dei enkelte tilskotsordningane under produksjonstilskot, er omtalt i den årlege budsjettproposisjonen Prop. 1 frå Landbruks- og matdepartementet. Det kan betalast ut tilskot til føretak som er registrert i Einingsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedommar med dei dyreslag eller dei vekstgruppene det vert søkt tilskot for, slik desse gruppene til ei kvar tid er definert i jordbruksavtalen.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga

### Rammer for 2025

For produksjons- og avløysartilskot vert det ikkje fordelt ei konkrete budsjetttramme. Satsane vert fastsett av Landbruks- og matdepartementet ut frå tal søkarar som fyller vilkåra, slik at budsjettamma for ordninga ikkje vert overskride.

### Fagsystem og tilgangar

Sjå [kapittel 3.1 i rundskrivet om forvaltningsansvar og sakshandsaming](#) og brukarrettleiing [for eStil-PT](#) for nærare informasjon om fagsystemet «eStil PT».

## 2.3 Tilskot til tettare planting, gjødsling og ungsogpleie som klimatiltak

### Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med ordninga er å legge til rette for tiltak som kan ta vare på eller auke karbonlageret i skogen. Kommunen kan gje tilskot etter ordninga til alle skogeigarar som har meir enn 10 dekar produktiv skog.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til tettare planting

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til gjødsling av skog som klimatiltak

### Rammer for 2025

Tilskotet vert løyvd og utbetalt etter fastsette satsar dersom vilkåra er oppfylte. For disse ordningane vert det ikkje fordelt budsjetttramme til kommunen. Kommunane fattar vedtak.

Landbruksdirektoratet fastset tilskotsatsane i slutten av januar, og kan justerer dei gjennom året for å unngå at budsjettet vert overskride.

Fagsystem og tilgangar: fagsystemet ØKS.

## 2.4 Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

### Mål og målgruppe for ordningane

Formålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar blir stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen blir ivaretatt og vidareutvikla.

Kommunen kan gje tilskot til alle skogeigarar som har meir enn 10 daa produktiv skog. Ved samarbeid mellom fleire eigedommar kan kommunen gjere unntak frå grensa på 10 daa.

### Tildelingskriterium

Det skal fastsetjast overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Desse skal utarbeidast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunane og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt. Ut over dette gjeld forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til skogkulturtiltak  
Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til bygging av veg  
Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til miljøtiltak i skog  
Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av tilskot til drift med taubane, hest o.a.

Økonomisk ramme for 2025: sjå vedlagt oversikt  
Fagsystem og tilgangar: fagsystemet ØKS.

## 2.5 Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

### Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureining frå jordbruket, utover det som vert forventa gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar.

Kommunen kan gje tilskot til føretak som oppfyller vilkåra for produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Kommunen kan også gje tilskot til eigarar av landbrukseigedommar dersom det er ein produksjon på landbrukseigedommen som fyller vilkåra for produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga.

Rammer for 2025: sjå vedlagt oversikt

### Fagsystem og tilgangar

Om fagsystemet – [sjå rettleiar til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing til sakshandsamarar om Agros og roller](#)

## 2.6 Tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket

### Mål og målgruppe for ordning

Formålet med tilskotet er å bidra til å ivareta jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og -minne, tilgjenge i jordbrukslandskapet, og redusere bruk av plantevernmidlar og utslepp til luft og avrenning til vatn frå jordbruket.

Det kan utbetalast tilskot til:

- Føretak som har gjennomført tiltak på areal som dei disponerer i søknadsåret. Føretaket må drive vanlig jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedommar, og må vere registrert i Einingsregisteret.
- Beitelag kan søke tilskot for drift. Med beitelag er meint samanslutningar som er registrert som samvirkeføretak eller foreining i Einingsregisteret, og som har til hovudformål å samarbeide om felleløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordning

Sjå [Statsforvaltaren i Vestland si rettleiing](#) om ordninga for Vestland.

### Rammer for 2025

For regionale miljøtiltak i jordbruket vert det ikkje fordelt ei konkret budsjetttramme. Statsforvaltaren fastset førebelse satsar for kvart enkelt tiltak. Kommunen gjer ei førebels handsaming av søknadene. Statsforvaltaren fastset endelege satsar for det enkelte tiltaket basert på prognoser på forbruk frå søknadsomgangen, for å sikre at tildelinga til fylket ikkje vert overskride. Kommunen fattar vedtak om utbetaling når endelege satsar er fastsette.

### **Fagsystem og tilgangar**

Om fagsystemet «eStil RMP» - [sjå i rundskrivet kapittel 4.](#)

## **2.7 Tilskot til drenering av jordbruksjord**

### **Mål og målgruppe for ordninga**

Formålet med tilskotet er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord ved å gje tilskot til drenering av dårleg drenert jord med potensiale for auka jordbruksproduksjon, og å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Kommunen kan gje tilskot til eigarar av eller føretak som leiger tidlegare grøfta jordbruksareal og som drenerer dette arealet. For planerte areal kan kommunen gje tilskot til areal som ikkje tidlegare er grøfta.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga

### **Rammer for 2025**

Sjå vedlagte oversikt.

Korn-, potet- og grønsaksareal er prioritert ved fordeling av midlane, m.a. av omsyn til vassmiljøutfordringar.

### **Fagsystem og tilgangar**

Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

## **2.8 Tilskot til tiltak i beiteområde**

### **Mål og målgruppe for ordninga**

Formålet med tilskotet er å legge til rette for betre nytte av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og å fremme fellestiltak i beiteområda.

Kommunen kan gje tilskot til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag) som er registrert i einingsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som set i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.

Tilsvarende gjelder for føretak som oppfyller vilkåra for produksjonstilskot etter § 2 i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket der det ut frå naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid. Stat, fylke eller kommune kan ikkje få tilskot med mindre det vert søkt gjennom eit lag/foreining der også ein eller fleire tilskotsberettiga eigedommar er med.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga.

### **Rammer for 2025**

Sjå vedlagte oversikt.

### **Fagsystem og tilgangar**

Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

## 2.9 Tilskot til Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Vestnorsk fjordlandskap

### Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskot til tiltak i verdsarvområda er å styrke landbruket i verdsarvområda.

Formålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å bidra til å sikre verdier knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Tilskota gjeld for tiltak innan Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen, slik disse områda er avgrensa i Miljødirektoratet sin Naturbase.

Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordningane.

### Rammer for 2025

Sjå vedlagt oversikt.

### Fagsystem og tilgangar

Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)

Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

## 2.10 Tilskot til produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon

### Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskotet er å redusere økonomiske tap ved produksjonssvikt der årsaka er klimatiske forhold som det ikkje er råd å sikre seg mot.

Det kan utbetalast tilskot til føretak som på skadetidspunktet oppfylte vilkåra for å kunne motta produksjonstilskot og der tapa ikkje vert dekkja gjennom en allment tilgjengelege forsikringsordningar. Søkjar pliktar å gje melding til kommunen så tidleg som råd om skade eller at det vil kunne oppstå skade.

Kommunen skal ta imot meldingar om avlingskade. Etter ei vurdering skal kommunen gjennomføre kontroll på minimum 10 % av alle føretak som har gitt melding om skade på planteproduksjon, og minimum 50 % av alle føretak som har gitt melding om skade innan honningproduksjon.

Kommunen mottok søknadene om tilskot. Før dei vert sendt vidare til Statsforvaltaren for handsaming skal kommunen kontrollere at dei er fullstendig utfylte, og gje ein uttale. Sjå [Landbruksdirektoratet sin rettleiar](#) om forvaltning av ordninga.

### Rammer for 2025

Vedtak om tilskot ved produksjonssvikt vert fatta av Statsforvaltaren og kommunane får difor ikkje ei eiga budsjettramme for denne ordninga.

### Fagsystem og tilgangar

- Om fagsystemet «Agros» – [sjå rettleiing til sakshandsamarar](#)
- Tilgang til fagsystemet – [sjå rettleiing om Agros og roller](#)

### 3 Oppfølging og kontroll

#### 3.1 Internkontroll hos kommunen som tilskotsforvaltar

For å sikre ei god sakshandsaming og at landbruksføretaka får utbetalt riktig tilskot, skal kommunen ha eit system med rutinar og tiltak som har som mål å førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar<sup>1</sup>.

Tiltaka skal bidra til å sikre korrekt:

- registrering av faste data
- sakshandsaming, inkludert dokumentasjon for fastsetting av sum tilskot
- registrering av vedtak om tilskot
- utbetaling av tilskot til rett mottakar til rett tid
- registrering i rekneskapen
- handsaming av dokumentasjon frå dei som mottek tilskot

Når kommunen si forvaltninga av tilskota skjer i samarbeid med Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet, vil dei ulike oppgåvene til saman sikre korrekt sakshandsaming. I dei fleste ordningane vil kommunane først og fremst ha ansvar sakshandsaminga, registrere vedtak og handsame dokumentasjon frå tilskotsmottakar. Dei andre oppgåvene vert normalt gjort av ein av dei to andre forvaltningseiningane. Forvaltninga må difor sjå dei ulike tiltaka i samanheng.

#### 3.2 Kontroll av informasjon frå tilskotsmottakar

Kommunen skal kontrollere informasjonen som mottakaren sender inn, og som har betydning for handsaminga. Kommunen skal kontrollere eventuelle rapportar som tilskotssmottakaren seinare sender inn om gjennomførte tiltak og mål som er oppnådd. Gjennomførte kontrolltiltak skal dokumenterast på en tilfredsstillande måte.

Kontrollen skal vere tilpassa den enkelte tilskotsordninga og målet med den. Kontrollen skal ha eit rimeleg omfang i forhold til nytten og kostnadene ved kontrollen.

Kommunen skal kartlegge risiko for at det oppstår feil på grunn med tolking av tilskotsvilkåra og risiko for regelbrot. Ut frå ei vurdering av det samla risikonivået og kva som er dei viktigaste risikomomenta, skal det kommunen fastsette kva kontrollpunkt som er mest aktuelle, og kven som skal gjennomføre kontrollen.

#### 3.3 Krav til kontroll med vedtak og utbetaling

Det er krav til kontroll med vedtak og utbetalingar av tilskot. I økonomireglementet er kontrollane omtalt som «transaksjonskontrollar». Tilsette med ulike roller og fullmakter skal stadfeste at kontrollane er utført.

Kontrollane skal m.a. sikre at tilskot vert handsama i tråd med gjeldande lover og reglar. Kommunen må derfor etablere system og rutinar som sikrar at oppgåvene blir gjort. Krava i økonomiregelverket sidestiller maskinelle kontroller av utgifter med manuelle, dersom økonomisystemet har funksjonalitet til det. Det er særleg to av transaksjonskontrollane som er relevant for kommunane. Disse er omtalt nedafor.

---

<sup>1</sup> Reglementet for økonomistyring i staten kapittel 6.3.8.1 og kapittel 2.4



### 3.3.1 Krav til kontroll med vedtak - budsjettdisponeringsmynde

Kommunen gjer vedtak om tilskot. I slike tilfelle der kommunen har mynde til å fatte vedtak på vegne av staten, følgjer det også krav til kontroll med den økonomiske forpliktinga som tilskotsvedtaket vil innebere. I Økonomiregelverket er dette omtalt som budsjettdisponeringsmynde.

Kommunen sitt vedtak om tilskot skal vere godkjent av ein tilsett som har budsjettdisponeringsmynde. Tildeling av budsjettdisponeringsmynde til den tilsette må vere skriftleg.

Kommunen skal ha rutinar for oppfølging av delegert budsjettdisponeringsmynde. Kommunen må ha rutinar som sikrar at roller og tilgangar vert endra når tilsette sluttar eller går over i andre stillingar. Mynde til å disponere budsjettet (her tilskotsramme) følgjer den tilsette, ikkje ei stilling. Kommunen må ha tiltak som sikrar at sakshandsamar har kjennskap til regelverk og rammer for sakshandsaminga.

Før ein tilsett med budsjettdisponeringsmynde kan fatte endeleg vedtak, set *Reglementet for økonomistyring i staten*<sup>2</sup> krav om at vedkomande skal:

- a) Sjå til at det er heimel for disposisjonen i stortingsvedtak, tildelingsbrev eller andre vedtak og at disposisjonen elles er i samsvar med gjeldande lover og reglar
- b) Sjå til at det er budsjettmessig dekning for utbetalinga
- c) Sjå til at disposisjonen er økonomisk forsvarleg

I praksis vil det å skulle sjå til at det er heimel for disposisjonen etter a), vere å sjå til at vedtaket er i samsvar med tilskotsregelverket, dette brevet og rundskriva på Landbruksdirektoratet sine nettsider. Informasjon om budsjettmessig dekning for tilskotet er omtala under dei økonomiske rammene framme i dette brevet. Det ligg ikkje til tilskotsforvaltninga i kommunen å vurdere om disposisjonane er økonomisk forsvarleg (punkt c).

Kommunen må ha rutinar som sikrar at oppgåvene i a) og b) vert gjort.

### 3.3.2 Krav til kontroll ved utbetaling - attestasjon

Alle tilskot må være attestert<sup>3</sup> før det kan skje ei utbetaling. Den som attesterer, skal kontrollere at utbetalingsforslaget stemmer med vedtaket om tilskot (tilskotsbrevet), og at tilskotsmottakaren har sendt inn nødvendig dokumentasjon når det er stilt vilkår om dette.

For tilskot til Regionale miljøtiltak i jordbruket og Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket skjer attestasjon maskinelt i dei elektroniske fagsystema før Landbruksdirektoratet utbetalar.

### 3.3.3 Arbeidsdeling

Det er stilt få krav til arbeidsdeling utover at den skal være forsvarleg – som følger av kravet til internkontroll. Minimumskrava i økonomireglementet er krav til gjennomføring av kontrolloppgåvene:

- Den som har budsjettdisponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjering eller andre utbetalingar til seg sjølv.
- Registrering og endring av opplysningar om betalingsmottakarar skal gjerast av andre enn den som utøver budsjettdisponeringa.

---

<sup>2</sup> Reglement for økonomistyring i staten kapittel 2.5.2.1

<sup>3</sup> Reglement for økonomistyring i staten kapittel 6.3, og kapittel 2.5.2.2

- Attestasjonen skal gjerast av ein annan enn den som har budsjettdisponeringsmynde og har stadfesta disposisjonen.
- Den som attesterer, kan ikkje attestere utbetalingar til seg sjølv.

### 3.3.4 *Krav til dokumentasjon*

Gjennomførte kontrolltiltak skal dokumenterast – i praksis ofte i fagsystemet.

Stadfesting av utøvd budsjettdisponering skal komme fram av tilskotsbrevet. I praksis vil kravet være ivaretatt i dei elektroniske fagsystema.

Stadfesting på utøvd attestasjonskontroll vil komme fram av det elektroniske fagsystemet.

## 3.4 *Tildeling og kontroll med tilgangar til fagsystema*

Landbruksdirektoratet sitt elektroniske fagsystem har tilgangskontrollar som sikrar systemet sine funksjonar og data mot uautoriserte endringa, tilgangar, utlevering av sensitiv informasjon eller øydelegging av data. Tilgangskontrollane er basert på at alle som brukar systemet har ein personleg identifikasjon og rett på tilgang som er tilpassa oppgåvene til kvar enkelt brukar.

Det vert berre gitt tilgangar til dei som treng det for å gjere konkrete oppgåver som er lagt til deira stilling. Statsforvaltaren administrerer og gir tilgangar. I fagsystema vert det brukt tildeling av roller som modell for å styre kva oppgåver sakshandsamar kan gjere i systemet.

Kommunen skal sende ei skriftleg oppmoding til Statsforvaltaren og be om tilgangar for sine tilsette som har behov til tilgang til fagsystemet. Ved endringar, t.d. når nokon sluttar, endrar ansvarsområde, går ut i permisjon osv., må kommunen straks melde frå om dette til Statsforvaltaren.

Kommunen har ei viktig oppgåve med å kontrollere og følge opp tilgangane som er gitt til tilsette i kommunane. Sjå nærare under kapittel 2 om kva fagsystem som er aktuelt for dei ulike ordningane.

## 3.5 *Rapportering om svakheit og brot på sikkerheit*

Kommunen skal rapportere hendingar og svakheit som gjeld til Landbruksdirektoratet sine elektroniske fagsystem til adressa [sikkerhet@ldir.no](mailto:sikkerhet@ldir.no).

Sikkerheitshendingar kan variere frå bevisst eller utilsikta tilgang til systemet, utlevering av sensitive data, manipulasjon av informasjon eller øydelegging av data. Ein svakheit ved systemet er ein eigenskap som gjer det sårbart og som kan utnyttast enten ved uhell, av personar som ikkje har til hensikt å forårsake skade, og av personar med vonde hensikter.

Kommunane som brukar sakshandsamingssystemet, har ansvar for å utarbeide eigne rutinar som er tilpassa dei oppgåvene dei har ansvar for. Det gjelder m.a. tilgangskontroll, handsaming av personopplysningar, konfidensialitet og taushetsplikt og melding om brot på personopplysningssikkerheit.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør